

Sigrd Vårvik Sønnesyn

## Kva skal ein gjera når alle ikring ein er sterke og kloke?

Ei lesing av Tarjei Vesaas' *Fuglane* i lys av autismspekterdiagnosen

Bacheloroppgåve i nordisk for lektorstudentar

Rettleiar: Silje Haugen Warberg

Mai 2022



Sigr id V rvi  S nnesyn

## **Kva skal ein gjera n r alle ikring ein er sterke og kloke?**

Ei lesing av Tarjei Vesaas' *Fuglane* i lys av autismespekterdiagnosen

Bacheloroppg ve i nordisk for lektorstudentar  
Rettleiar: Silje Haugen Warberg  
Mai 2022

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for spr k og litteratur



**NTNU**

Kunnskap for ei betre verd



## **Innholdsliste**

<b>Innleiing .....</b>	<b>2</b>
<b>Tidlegare perspektiv på Mattis som avvikande.....</b>	<b>2</b>
<b>Lesing frå eit autismespekterdiagnoseperspektiv .....</b>	<b>3</b>
<b>Mattis og Hege: nærleik og avstand .....</b>	<b>5</b>
<b>Mattis sitt negative avvik frå bygda .....</b>	<b>8</b>
<b>Inger og Anna sitt perspektiv på Mattis .....</b>	<b>9</b>
<b>Konklusjon.....</b>	<b>10</b>
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>12</b>

## Innleiing

*Fuglane* har sidan romanen blei gitt ut i 1957 hatt ein sentral plass i Tarjei Vesaas sitt forfattarskap og i norsk litteratur. Historia om Mattis Tusten har frå starten skapt innleving, sympati og refleksjon knytt til kva det vil seia å vera menneske. Dag Solstad seier i sin omtale av romanen at «*Fuglane* er romanen om oss sjøl, inne i oss sjøl. Ikke slik vi egentlig er, men sånn vi er inne i oss sjøl» (Solstad, 1981, s. 245). Mattis bur saman med søstera, Hege, men skil seg ut både frå ho og resten av bygda. Med kallenamnet Tusten er Mattis annleis enn dei «skarpe, sterke og kloke» rundt han. I staden for å arbeida slik dei andre gjer, forsvinn han i eigne tankar, knytt til kven han er og kvifor han er annleis. På den måten kan Mattis verka som ein representasjon av det som er annleis og avvikande frå normalen.

Film- og kulturvitar Stuart Murray (2006) peikar på at det dei siste åra har vore ei auka interesse for litteratur som syner fram karakterar som skil seg frå normalen. Spesielt har det autistiske individet blitt gjenstand for fasinasjon. Tilstanden sin narrative appell har ofte blitt knytt til refleksjonar kring det menneskelege, og til det gåtefulle ved han (Murray, 2006, s. 25). Autismen sin gåtefulle og komplekse natur skapar rom for utforsking av kva det vil seia å vera annleis innanfor litteraturen. Dette blir òg aktuelt i *Fuglane*. Sjølv om det ikkje på noko punkt i romanen eksplisitt blir nemnt noko om ein diagnose, er det fleire trekk ved Mattis som gjer det aktuelt å lesa han i lys av autismespekterdiagnosen. Dette gjeld særleg med omsyn til skiljet mellom tusten Mattis og dei andre, «skarpe». Denne oppgåva vil analysa *Fuglane* i lys av autismespekterdiagnosen. Fokuset vil ligga på korleis tilhøvet mellom det nevrotypiske og det nevrodivergente blir tematisert og formidla i *Fuglane*. Nevrotypi er eit omgrep som viser til folk som ikkje er på autismespekteret, og som på den måten skil seg frå nevrodivergente (Loftis, 2015, s. 8).

Oppgåva vil særleg ha fokus på Mattis som avvikande frå den normalen me får presentert gjennom dei andre i bygda. For å bygga opp under dette vil det innleiingsvis bli presentert tidlegare resepsjon av romanen, og korleis Mattis har fungert som representasjon for det som er annleis. Deretter vil eg drøfta ulike problemstillingar knytt til ei lesing av *Fuglane* frå eit autismespekterdiagnoseperspektiv. I analysen av romanen vil det bli presentert tre ulike møte og relasjonar Mattis har med omverda. Her vil eg sjå på korleis det blir lagt visse rammer for Mattis sin annleisheit i desse møta, og kva dette seier om det å vera annleis.

## Tidlegare perspektiv på Mattis som avvikande

Sidan *Fuglane* blei gitt ut i 1957 har romanen vekt stor interesse hos lesarar. Fleire resepsjonar legg vekt på korleis romanen er eit uttrykk for tilhøvet mellom det avvikande og det normale, men har gjerne ulike innfallsvinklar. Litteraturvitar Steinar Gimnes viser i boka ... *angen frå vår stutte tid. Ein studie i Tarjei Vesaas' forfattarskap* (2013) til resepsjonen romanen har fått:

Dei aller fleste meldingane av *Fuglane* er positive og vitnar om ei sterk *innleving* i Mattis-figuren, uavhengig av om han berre blir oppfatta som ein undermålar og evneveik, eller også som ein representant for alternative holdningar og livsverdiar i et praktisk, rasjonelt og fornuftsstyrt samfunn. (Gimnes, 2013, s. 358)

Her viser Gimnes fram to av dei fremste posisjonane i resepsjonen av *Fuglane*: Mattis som evneveik og kognitivt avvikande, eller som representasjon for menneske som står i motsetnad til den rasjonalistiske verda. Likevel er det gjerne Vesaas' eigen resepsjon som har stått mest sentralt i lesinga av *Fuglane*, der eit kunstnarmotiv blir uttrykt. Vesaas har sjølv uttrykt at «Eg kjem nærast sanninga om Tusten ved å kalle det eit sjølvportrett med visse atterhald» (Vesaas, 1985, s.158). På den måten blir Mattis eit uttrykk for kunstnaren sin situasjon i tilværet, oppteken av sine idear og lengslar, utan evne til å uttrykka seg. Eit slikt syn på romanen blir også delt av Dag Solstad: «Den åndssvake Tusten, det er poeten det, som blir slått av store tanker og derfor ikke får tankene med seg når han skal luke i turnipsåkeren og ser de andre fare langt, langt framfor seg» (Solstad, 1981, s. 245). Kunstnaren, som forsvinn i egne tankar, står altså i kontrast til dei dyktige arbeidsfolka. Ut frå ei slik forståing kan ein ikkje snakka om Mattis som representant for det kognitivt svekka, men heller som ein symbolsk representant for kunstnaren og dei rammene som finst for han i samfunnet.

I samanheng med at Vesaas presenterer Mattis som uttrykk for kunstnaren, går han til angrep på forståinga av Mattis som åndssvak: «Det er feil å kalle Tusten åndssvak (som det er gjort av og til). Det tufsete er berre noko han vart utstyrt med så han kunne seia (viktige) ting som han ikkje kunne seia om han hadde gått der som ein vanleg skarping» (Vesaas, 1985, s. 158). Vesaas sin motstand mot å bruka det negativt ladde ordet «åndssvak» er i tråd med eit syn på annleisheit som ser forbi kognitive avvik som ein veikskap, men som heller legg vekt på annleisheit som variasjon. Dette perspektivet blir også skildra av Sonya Freeman Loftis (2015), som presenterer eit nevrodiversitetsparadigme. Her blir variasjon i nevrologi sett på som ein normal del av menneskeleg mangfald (Loftis, 2015, s. 5). På den måten peikar *Fuglane* framover mot ei nyare utvikling der ein i større grad vektlegg dei positive sidene ved menneskeleg variasjon og nevrodiversitet.

Ei lesing av Mattis som ein representasjon av det som er annleis frå det nevrotypiske, vil også kunne seia oss noko om kva det betyr å fungera på ein annleis måte. Dette vil kunna gi romanen ein ny aktualitet og nye område for tolking, og på den måten utvida perspektivet og forståinga av tusten Mattis og relasjonen mellom Mattis og dei andre. Det er ei slik rekontekstualisering eg vil forsøka å gjera i denne oppgåva. Dette perspektivet vil kunna seia noko om tilhøvet mellom det nevrotypiske og det nevrodivergente, og dermed tematisera kva det er med Mattis som gjer han annleis. Mattis sin tilstand verkar på mange måtar gåtefull, og det å sjå Mattis som noko meir enn ein representant for kunstnaren vil vera med på å utdjupa og svara på kvifor det er slik.

## Lesing frå eit autismespekterdiagnoseperspektiv

*Fuglane* blei gitt ut i 1957. Dette var ein periode der kunnskapen og medvitet knytt til autismespekterdiagnosen og andre kognitive avvik var heilt annleis enn i dag. Autisme blei for første gong brukt som ein diagnostisk merkelapp i 1943 av Leo Kanner. Likevel blei tilstanden først skildra som ei utviklingsforstyrring i 1980 (Harris, 2016, s. 1390). Det er dermed snakk om ein diagnose som var relativt ny og ukjend på utgivingstidspunktet, og som det også var knytt mange fordommar og misoppfatningar

til. Murray peikar på at den sjølvmedvitne bruken av autisme eller autistiske karakterar er relativt ny, då det først i 1980-åra byrja å dukka opp tekstar som viste ei forståing av tilstanden (Murray, 2006, s. 27). Dei siste tiåra har det altså skjedd ei utvikling, der ein både har ei større forståing av autismespekterdiagnosen og ei auka interesse for temaet som eit kulturelt fenomen (Murray, 2006, s. 25). Dette har konsekvensar både for korleis karakteren Mattis har blitt framstilt, og for korleis ein har lese og tolka han til ulike tider.

Sjølv om ein i dag har eit anna forhold til, og meir kunnskap om kognitive avvik og autismespekterdiagnosen enn i 1957, finst det framleis store eksistensielle spørsmål ein ikkje har klart å finna svar på. Mange av desse spørsmåla blir tatt opp i *Fuglane* og knyter dermed romanen til ein større kontekst. Murray (2006) set fokus på autisme som ein kompleks og gåtefull diagnose, og det er denne kompleksiteten og det gåtefulle som ligg til grunn for Mattis sin eksistens og leiting etter svar på kvifor ting er som dei er.

Trass i at det ikkje blir nemnt noko spesifikt om kva det er med Mattis som skil han frå dei andre, kan det vera interessant å studera han ut frå eit autistisk perspektiv og med bakgrunn i autistiske kjenneteikn. Dette har mellom anna litteraturvitar Kirsti Sellevold gjort, i artikkelen «Cognitive Deficits in Literary Fictions: Faulkner's *The Sound and the Fury* and Vesaas' *The Birds*» frå 2015. Sjølv om ho åtvarar mot å bruka vitenskapen som referansepunkt for litteraturen, trekker ho linjer mellom Mattis og nokre autistiske kjenneteikn. Her presenterer ho eit syn på Mattis som ein høgtfungerande autist: «[...]Mattis is a so-called high-functioning case, able to some extent at least to take care of himself; on the other hand they share characteristics such as hypersensitivity to perceptual impressions, which is a common feature of autism» (Sellevold, 2015, s. 73). Her trekker Sellevold heilt klare linjer mellom Mattis og autismespekterdiagnosen, og skapar dermed ein samanheng mellom romanen og diagnosen. Sentralt i framstillinga hennar står Mattis sine tankeprosessar. Der Vesaas og Solstad ser på Mattis sine avvikande tankar som uttrykk for det kunstnariske i han, ser Sellevold det som eit utslag av ein autismespekterdiagnose: «[...] although he can speak like others, he cannot think like them» (Sellevold, 2015, s. 79).

Det at Sellevold presenterer Mattis som ein autistisk karakter utan særleg reservasjon eller atterhald kan vera problematisk. Sjølv om ho viser til spesifikke trekk ved Mattis som ofte blir knytt til autisme, finst det farar ved å diagnostisera på denne måten. Dette heng både saman med ein tidsmessig distanse til verket og ein distanse som kjem av litteraturen si rolle som skild frå røynda. Romanen legg i seg sjølv ikkje opp til at Mattis skal bli lese som ein høgtfungerande autist, trass i at det er tydeleg at noko ved han skil seg frå dei andre. Det sentrale ved Mattis som karakter er likevel ikkje kva for ei diagnose han har, men at det er noko ved han som gjer at han er avvikande. Det å lesa *Fuglane* ut frå eit autismespekterdiagnoseperspektiv, og å studera Mattis på bakgrunn av nokre autistiske kjenneteikn, kan likevel vera med på å gi eit utvida perspektiv og forståing av romanen og av Mattis og det som gjer at han skil seg frå dei rundt seg.

Kompleksiteten knytt til ein eventuell diagnose speglar også det komplekse forholdet mellom det nevrotypiske og det nevrodivergente. Omgrepet nevrotypisk blei ifølge Loftis skapt for å gi folk med autisme ein måte å skildra folk som ikkje var på spekteret, og utfordrar på den måten forståingar av kva normalitet inneber (Loftis, 2015, s. 8). Omgrepa nevrotypisk og nevrodivergent får vidare fram at forholdet og forståinga, eller mangelen på forståing, ikkje berre går ein veg, der autismespekterdiagnosen er ei gåte og uforståeleg for dei nevrotypiske. Misforståinga kan gå begge vegar, då også det



nevrodivergente kan slita med å forstå det nevrotypiske. Dette påpeikar også Loftis: «But while the autistic person may not understand what the neurotypical person is thinking, the neurotypical may not understand what the autistic person is thinking either. Autistic people and neurotypical people sometimes think differently on very fundamental levels» (Loftis, 2015, s. 6). Ein kan dermed snakka om ulike verdssyn og -forståingar som legg rammene for korleis det nevrotypiske og det nevrodivergente ser og forstår kvarandre, og som vil påverka forholdet mellom dei. Dette er noko ein ser tydeleg i dei møta Mattis har med omverda, og som pregar måten Mattis ser på seg sjølv og korleis dei rundt han ser på han.

*Fuglane* som heilskap handlar i stor grad om det kompliserte tilhøvet mellom Mattis og dei rundt han. Romanen er delt inn i tre delar som følger årstidene tidleg sommar, høgsommar og haust. Slik speglar romanen si strukturering kring årstidene også Mattis si utvikling, og gjer det til ei forfallsforteljing på fleire nivå. Dette blir understreka av Gimnes:

Kvar av dei tre delane har sin eigen, slutta struktur, der vekslinga mellom intense lykkeopplevingar og djupe taps- og sorgopplevingar dannar eit mønster, samtidig som desse delane er fasar i eit negativt utviklingsforløp som fører Mattis inn i stadig sterkare isolasjon og einsemd, og som til slutt endar med død. (Gimnes, 2013, s. 370)

Kvar del tar for seg eit av Mattis sine møte med omverda, som får meining for måten han ser seg sjølv i relasjon til dei rundt seg. Det er desse møta den vidare analysen vil ta utgangspunkt i. Her får ein høve til å sjå Mattis både innanfrå og utanfrå, og dermed til å kunna seia noko om kva som gjer at Mattis er annleis og korleis dette kjem til uttrykk. Ei lesing frå eit autismespekterdiagnoseperspektiv vil vera med på å kasta lys denne annleisheita og forholdet mellom Mattis og dei andre. Den vidare analysen vil følge kronologien i *Fuglane* og byrjar som ein følge av dette med å ta for seg forholdet mellom Mattis og Hege.

## Mattis og Hege: nærleik og avstand

*Fuglane* finn stad i eit lite bygdesamfunn der Mattis bur saman med søstera Hege i et lita stove i utkanten av bygda. Sidan Mattis ikkje er i stand til å arbeida så mykje, er det Hege som tar seg av han, og som er hans næraste. Trass i at dei er så nære kvarandre, finst det ein avstand mellom dei. Denne avstanden kjem mellom anna fram i dei ulike måtane å sjå og prøva å forstå verda på. Dette blir tydeleg i møte med rugdetrekket. Der Mattis ser rugdetrekket som eit teikn på at noko skal bli annleis, og dermed gir det stor symbolsk kraft, har Hege ei meir rasjonell og konkret forståing av det.

Han var i villreie. Hadde han vori lei med henne? Han ville berre gle henne med rugdetrekket. Fall han ikkje inn anna det var ei like stor hending for Hege som for han sjølv. Det gjekk derute i denne stunda – og Hege var likesæl, skjelte han ut omtrent [...]. Det er skilnad på folk, tenkte han derute, forfjamsa. I alle fall på Hege og meg. (Vesaas, 1974, s. 27-28)

Rugdetrekket får altså fram ein slags grunnleggande skilnad mellom Hege og Mattis i måten dei ser verda på. Denne ulikskapen får også konsekvensar for kommunikasjonen deira, som ofte er prega av misforståingar og store, tunge tause felt. Miskommunikasjonen mellom dei går i stor grad begge vegar, og ei manglande forståing

av kvarandre ligg dermed til grunn for heile deira samliv. Der Mattis gjerne vil prata om dei store eksistensielle spørsmåla knytt til kvifor ting er som dei er, prøver Hege heile tida å unngå desse temaa. Dette skapar ein avstand mellom dei to søskena som understrekar at Mattis skil seg frå sjølv dei som står nærast han når det gjeld måten han ser og tolkar verda. Dei ulike måtane å forholda seg til, og sjå verda på, kan spegla det forholdet ein kan sjå mellom det nevrotypiske og nevrodivergente. Fundamentalt ulike måtar å tenka på er, som Loftis (2015) peikar på, noko av det som kjenneteiknar ulikskapen mellom nevrotypi og nevrodivergens, og i dette tilfellet også ulikskapen mellom Hege og Mattis.

Sjølv om det kan opplevast som om det er ein avstand i relasjonen mellom Mattis og Hege, blir dei av bygda nærast sett på som ei eining. Dette blir understreka av ospetreet Mattis-og-Hege:

Like bortom gjerdet stakk opp to tørre ospe-tre med av-flakna, kvit topp, opp imellom den grønne granskogen. Det sto tett ved sida av einannan, og dei heitte altså *Mattis-og-Hege* på folkemunne, men ikkje offentleg. Mattis hadde av vanvare komi til og høyrte det. Det vart samandregi til eitt ord omtrent: Mattis-og-Hege [...]. To tørre ospe-toppar side om side, midt iblant grønne veksande granspir. (Vesaas, 1974, s. 9-10)

Gjennom at desse trea blir brukt som symbol på Mattis og Hege som ei eining, kjem det også fram at dei er noko som skil seg frå resten av bygda: Dei tørre ospetoppene i kontrast til dei grønne, veksande granspira. Det er altså noko nærast sjukeleg med Mattis som gjer at han ikkje veks og utviklar seg på same måte som andre, og som dermed skil seg frå omgivnadane. Folk i bygda viser på denne måten at dei har eit medvite forhold til Mattis som nokon som er annleis, men at dette likevel berre er noko det implisitt blir prata om, og nærast fortaia. Ospetoppene Mattis-og-Hege får også fram den rolla Hege får som pårørande til Mattis. Sjølv om ho kan karakteriserast som nevrotypisk blir ho, som følge av at det er ho som må ta seg av Mattis, merka av den same annleisheita som Mattis har knytt til seg.

Det å gjera Hege til del av denne eininga på utsida av fellesskapet, skapar ein dobbelt utanforskap for Mattis: Det er både ein avstand til dei andre i bygda, men også ein avstand innanfor eininga, til Hege. Mattis har forståing for denne avstanden, og reflekterer over trea si mening: «Han var òg harm over at Hege vart likna med slik ein tørr-topp, på henne høvde det då slett ikkje! Det kunne vel alle sjå. Og så den skarpe og kloke Hege –» (Vesaas, 1974, s. 10). Han viser her eit medvit knytt til at det er han som er annleis og at Hege på den måten skil seg frå han. Hans forståing av Hege er at ho er som dei andre, medan han er på utsida av denne normalen. Slik blir det skapt eit eksplisitt skilje mellom Mattis og Hege, som kan bli utvida til eit skilje mellom nevrotypi og nevrodivergens. Ei slik lesing gjer at det ikkje lenger berre er nokon som kjenner seg på utsida av fellesskapet, men som kognitivt sett faktisk er det. Dette kan vera med på å gi eit innblikk i, og kunnskap om det å vera avvikande. På den måten vil relasjonen mellom Hege og Mattis kunna representera skilnaden mellom det nevrotypiske og nevrodivergente, sjølv om dei ikkje har eit språk for å kunna skildra ulikskapen.

Mattis sitt sjølvmedvit knytt til det å vera annleis kjem også til uttrykk i forholdet hans til lynet. Han viser både ein redsel og ein fasinasjon for det skarpe lynet, som han brukar som kontrast til seg sjølv og som blir ein måte å omtala dei rundt seg på.

– Du er som eit lyn du, sa han til henne. Han gruste seg litt ved det ordet han tok i munnen, men på ein trygg måte, sidan himmelen var fin. – Med stikkene dine, meiner eg, la han til [...]. Mattis heldt fram: – Men du er ikkje berre eit lyn med åttebladsrosene, der er med alt du finn på [...]. – Eg meiner: til å tenke òg, sa han. (Vesaas, 1974, s. 7-8)

Lynet representerer ikkje berre det konkrete lynet som Mattis er så redd for. Det viser også til ein måte å tenka på, som Mattis sjølv føler han ikkje er i stand til, men som han ser på med ærefrykt hos Hege og dei andre han møter. Dette poengterer også Per Arne Evensen i boka *Tarjei Vesaas' symbolverden* (2017): «Alle ting, evner og ferdigheter som Mattis både frykter og beundrer, knyttes til lynet: intelligensen, Jørgens øks, og jegerens gevær... Og endelig, når han i ytterste fortvilelse vurderer å ta sitt eget liv, er det bildet av lynet som umiddelbart dukker opp» (Evensen, 2017, s. 205). Slik blir det som gjer han ulik dei rundt seg konkretisert. Tankane deira har ei heilt anna form og verkemåte enn det Mattis kan kjenna igjen hos seg sjølv. Mattis sine tankar er derimot ikkje som lyn, men går tregare og er vanskelege å kontrollere: «Snart byrja vel dette vanlege, med tankane hans som slo seg vrang når han var på arbeid, som la seg i kross og øydela arbeidsevna hans» (Vesaas, 1974, s. 42). Ideen om at den autistiske hjernen har ei annleis formatering enn den nevrotypiske er noko ein kan kjenna igjen i ulike framstillingar av autisme (Murray, 2006, s. 26). *Fuglane* fungerer altså i forlenging av dette, og skildringane Mattis gir av eigne og andre sine tankar skapar eit bilete av fundamentalt ulike måtar å tenka og fungera på. Slik kan *Fuglane* vera med på å gi eit innblikk i, og dermed kunnskap om eit nevrodvergent sinn, ikkje berre i fiksjonen, men også i røynda.

Det skarpe som kjem til uttrykk gjennom lynet er også ein måte for Mattis å setta ord på skiljet mellom seg sjølv og dei andre. For han er fullt klar over at det noko ved han som er annleis, men har ikkje noko språk for å setta ord på kva skilnaden er: «Alle var skarpe utan han sjølv» (Vesaas, 1974, s. 90). Det skarpe i kontrast til Mattis blir dermed eit uttrykk for det gåtefulle og komplekse ved Mattis sitt avvik. Slik blir det skarpe ei konkretisering av den useielege, men tydelege skilnaden mellom Mattis og dei andre.

Avstanden mellom Mattis og Hege blir endå større når tømmerhoggaren Jørgen kjem inn i livet deira i tredje del av romanen. Mattis gjenkjenner Jørgen allereie frå første stund som ein av dei skarpe: «Det første ein kunne slå fast, var at han hørde til dei sterke og kloke – alle syntest å gjera det» (Vesaas, 1974, s. 142). Det skarpe knytt til Jørgen blir meir fortetta når han tvinger Mattis til å gå ut av skjulet sitt når det lynar, og dermed til å møte det lynet han er så redd for. Det er også Jørgen sin debut, og den forsterka utanforskapen det fører med seg, som tvingar fram lynplanen til Mattis, og som endar med Mattis sin død.

Relasjonen mellom Mattis og Hege får fram fleire problemstillingar som er aktuelle i forholdet mellom nevrotipi og nevrodvergens. Dette kjem mellom anna til uttrykk gjennom den manglande forståinga for kvarandre og dei ulike måtane å sjå verda på. Trass i tosemnda og kor avhengige dei er av kvarandre, gjer ulikskapane mellom dei at det blir opplevd som om dei har ein stor avstand mellom seg. Denne avstanden kjem spesielt til uttrykk gjennom det gåtefulle skarpe som konkretiserer den annleisheita Mattis kjenner på, sjølv i møte med sin næraste pårørande.

## Mattis sitt negative avvik frå bygda

Utvidar ein perspektivet på Mattis i relasjon til dei rundt seg, blir det tydeleg at også folk i bygda har eit forhold til, og eit medvit knytt til det at Mattis er annleis. Desse forholda, og rammene bygda legg for Mattis sin annleisheit, blir fokus i den vidare analysen. At det finst eit slikt medvit blir klart allereie i første del av romanen, då Mattis dreg ut for å prøva å finna seg jobb for dagen. Han endar opp på ein gard der han skal vera med på å tynna turnips saman med bonden og eit kjærastepar. I møte med desse kjem det tydeleg fram at dei frå før har ei oppfatning av Mattis som avvikande, og at dei har visse fordommar knytt til åtferda hans: «Mattis vende seg til mannen på garden og sa med uvilje i mælet: - Kva skal du med så mykje turnips ? Uvillig og uforståande stod han. - Alt no ? før vi har byrja jamvel ? sa mannen på garden. Det let meiningslaust, men for Mattis Tusten var der klar tale, og han dukka seg» (Vesaas, 1974, s. 41). Den rolla Mattis får i møte med bygda blir understreka av den bestemte forma av namnet. Han er ikkje lenger berre Mattis, han blir gjort om til Tusten av dei andre sitt blikk. Mattis si annleisheit ligg altså til grunn for all samhandling han har med omverda, og pregar både måten han ser på seg sjølv og korleis dei rundt han ser på han.

I Mattis sine møte med bygda får ein dermed eit innblikk i kva folk tenker om han. Dette blir spesielt tydeleg gjennom den vekslende fokaliseringa som er gjennomgåande i *Fuglane*. Romanen har ein tredjepersonforteljar, der fokaliseringsinstansen stort sett ligg svært tett på Mattis og perspektivet hans. På den måten kjem ein veldig nær hans forståing og måte å sjå verda på. Dette blir vidare understreka av at mykje av handlinga går føre seg i form av Mattis sine indre tankar og monologar. Ein ser likevel at fokaliseringa enkelte gongar skiftar i møte med menneska rundt. Dette skjer blant anna i møte med bondekona på garden der Mattis arbeider.

Mattis blinka, visste ikkje kva han skulle seia. Kona var venleg. Og nå skjøna han kvifor han brått gjekk av storvegen og hit i dag tidleg. Minnet om dette andletet sat i han, frå eingong før. Han hadde stått framfor det før. - Du sov kanskje lite, natta før òg ? spurde kona og la fram ei brukeleg orsaking. - Å ja ! sa han, eg har ikkje sovi i to netter. Vi har fått rugdetrekk over huset. Han sa det på ein måte så ho stussa, men berre ein blink, til ho kom i hug kven ho hadde framfor seg. (Vesaas, 1974, s. 55)

Slik får ein som lesar også innblikk i kva dei som møter Mattis tenker om han, og ein får dermed eit dobbelt perspektiv på møta Mattis har med omverda. Skifte i fokaliseringsinstans gjer at det nærast einsidige fokuset på Mattis sine tankar og perspektiv blir filtrert og kontrastert, og ein får då ei forståing av Mattis sett utanfrå. På den måten blir det tydeleg kor ulikt Mattis og dei rundt han tolkar og sansar det som skjer. Dette doble blikket skapar ein kontrast mellom Mattis og dei andre, mellom nevrodivergens og nevrotypi, og mellom korleis ulike menneske oppfattar og tolkar verda rundt seg. For det er ikkje berre Mattis som er ekskludert frå nevrotypien sin forståingshorisont; det nevrotypiske manglar også ein inngang til å forstå Mattis. Men der omverda har slått seg til ro med at dei ikkje forstår Mattis, prøver han heile tida å finna ut av kva skilnaden mellom dei er, og kvifor dei ikkje forstår kvarandre. Slik blir den skiftande fokaliseringsinstansen ikkje berre eit verktøy for å få fram dei ulike perspektiva. Det er også ein måte å utforska kva det vil seia å fungera på ein måte som skil seg frå normalen, som også understrekar det gåtefulle ved Mattis sin annleisheit.

Møtet med bondekona får òg fram Mattis si leiting etter svaret på det store, eksistensielle spørsmålet som heimsøker han: Kvifor er det slik det er?

Kona fann seg til eit ærend i siderommet så lenge, så Mattis fekk vera åleine. Då ho kom innatt, hadde ikkje Mattis rørt ein finger liksom, han var midt i det vrangt og uskjonlege, sat ferdig med eit hovudspørsmål, og byrja : - Men *spørje* deg om noko må eg vel ? Ho nikka, men ikkje serleg villig. - Spørje kan du no, så får vi sjå om eg vil svara eller ikkje. Om eg kan. Mattis spurde : - *Kvifor er det slik det er ?* Kona riste på hovudet. Det var alt. (Vesaas, 1974, s. 56)

Spørsmålet rommar ikkje berre Mattis sitt ønske om å forstå kvifor han er Mattis Tusten; det speglar også grunnleggande spørsmål knytt til autismespekterdiagnosen. Dette poengterer også Sellevold: «The novel *Fuglane* thus presents a character who in an acute way poses the same fundamental question regarding mental disorders as does ASD research: why is it that some brains function differently from others? (Sellevold, 2015, s. 85). Vesaas presenterer på den måten eit verk og ein karakter som freistar å finna svar på den useielege skilnaden mellom nevrotypi og nevrodivergens. Mattis sin annleisheit ligg gjennomgåande til grunn for møta med omverda, men det gåtefulle ved han blir i tillegg eksplisitt tematisert gjennom spørsmåla han balar med.

Desperasjonen etter å finna svar på desse spørsmåla blir understreka av bruken av gjentakning, som også er med på å gi *Fuglane* ein rytmisk språkstil. «Kva skal ein gjera når alle ikring ein er sterke og kloke ? Får aldri visst det. Men kva skal ein så gjera ? Ein må gjera noko då òg. Heile tida. [...] Kva skal ein gjera då ? Kva skal ein gjera med Hege ? Det er gali fatt med henne. Får aldri visst det» (Vesaas, 1974, s. 89). Gjentakningane er spesielt knytt til Mattis sitt sinn og dei eksistensielle spørsmåla han stiller seg sjølv. Slik dannar dei på mange måtar kjernen i romanen. Dei understreker også korleis han ikkje klarer å leggja dei frå seg, men kontinuerleg krinsar rundt dei: «[...] Mattis struggles with the question, lives with it, and finally dies from it» (Sellevold, 2015, s. 85). Medvitet om at Mattis er annleis, men og mangelen på kunnskap om kvifor det er slik finst altså både hos Mattis og dei rundt han. Slik tar det som er annleis form som noko som er til stades i all samhandling, men som på same tid ikkje har noko konkret nærver.

Mattis sin annleisheit ligg altså til grunn for all samhandling han har med bygda. Sjølv om dei forsøker å koma Mattis i møte, ligg den same avstanden ein såg mellom Mattis og Hege til grunn også her. Forsøka hans på å finna ut av kvifor ting er slik dei er blir dyssa ned og ignorert, med ei tydeleg haldning om at det er noko ein ikkje snakkar om. Annleisheita blir på den måten vurdert som noko negativt, og kognitive avvik blir sett på som ein veikskap. Eit slikt syn speglar haldningar som tidlegare i større grad har vore vanlege i møte med kognitive avvik.

## Inger og Anna sitt perspektiv på Mattis

I møta med bygda kan det på mange måtar verka som om Mattis er låst til rolla som Mattis Tusten. I andre del av romanen dukkar det likevel opp eit høve til å fri seg frå denne rolla, og rammene rundt Mattis sin annleisheit endrar seg. Han møter då Anna og Inger på ein holme, og introduserer seg som Per, lykkeleg over at han endeleg kan sleppa unna dei andre sitt blikk på seg som avvikande. «- Har de sett meg før ? spurde han og skalv innvendes, men det måtte til [...]. - Ikkje høyrde om meg heller ? [...] Såg dei riste på hovudet og visste ikkje det plukk. Herleg. - Dette syntest eg var godt å høyre, sa han - utan evne til å seia kor uendeleg godt det var» (Vesaas, 1974, s. 99). Der alle møta med folk i bygda har vore prega av både deira og Mattis si forståing av

skiljet mellom han og dei, markerer møtet med Anna og Inger eit brot med denne forventingshorisonten. Steinar Gimnes viser til kva rolle Anna og Inger spelar for Mattis: «Det er Anna og Inger som så ser Mattis bakanfor eit «armodsleg» ytre; ser korleis Mattis' indre varme 'omskapar' han. Dette er det sterkaste dømet på at Mattis greier å formidle *det* i han som overskrid Tusten» (Gimnes, 2013, s. 383).

Det finst altså eit potensiale i Mattis til å vera noko meir enn Tusten, som kjem til uttrykk i dette møtet, og som dermed reduserer avstanden mellom nevrotypi og nevrodivergens. Mattis er altså ikkje berre *ein* ting; han er kompleks og full av indre spenningar, trass i at folk i bygda ser på han som enkel og definerer han ut frå det tustete ved han. Anna og Inger gir Mattis eit høve til å vera noko meir enn dette, og utvidar dermed forståinga av han. Sjølv om også dei opplever at det er noko som er annleis med Mattis, blir det ikkje nødvendigvis sett på som noko negativt avvikande, men Mattis blir heller verdsett for kven han er: «- Vi er rektig glade at du var på denne holmen i dag, sa Inger» (Vesaas, 1974, s. 104). På den måten kan Mattis fungera som ein representasjon av fleire problemstillingar knytt til kognitive avvik. Det som er annleis er ikkje ein gitt storleik, men noko som er foranderleg og avhengig av sosial kontekst. Kva måte annleisheita blir møtt og vurdert på vil dermed variera ut frå kva ramme han blir sett inn i. Mattis er *berre* Mattis heilt fram til nokon gir han rolla som Tusten. Spennet som finst i Mattis gjer at han verkar som ei gåte, og understrekar dermed det komplekse i annleisheita sin natur.

Anna og Inger kjenner ikkje Mattis frå før, og møter han ikkje med den same forventningshorisonten som dei i bygda gjer. Sjølv om Mattis framleis er Mattis, med dei same trekka og same kommunikasjonsform, blir han her møtt på ein ny og meir positiv måte. Sett inn i ei ny sosial ramme blir han altså vurdert på ein heilt anna måte, og høvet til å vera noko meir enn Tusten opnar seg. Slik markerer møtet med Anna og Inger eit alternativt syn på Mattis sin annleisheit. Dette kan knytast til nevrodiversitetsparadigmet, der annleisheit er ein naturleg del av menneskeleg variasjon (Loftis, 2015, s. 5). Gjennom møtet med Inger og Anna får Vesaas dermed fram ein versjon av Mattis som strekker seg forbi det tustete og viser Mattis sin annleisheit i eit meir positivt lys.

## Konklusjon

*Fuglane* er ein roman som i stor grad får fram litteraturen si evne til å skapa forståing og kunnskap knytt til at menneske er ulike. Skildringane av Mattis som tenker, handlar og kommuniserer på ein annan måte enn dei han har rundt seg, kan dermed representera noko meir enn tusten som blir framstilt. Å utvida forståinga av Mattis som avvikande til å gjelda eit kognitivt avvik, kan gi oss eit innsyn i, og høve til å utforska kva det vil seia å fungera på ein annleis måte. Gjennom at ein som lesar får ein inngang til Mattis sitt sinn, kan ein få ei djupare innsikt i og meir kunnskap om den gåtefulle annleisheita han er representant for. I dei tre møta Mattis har med folk som har blitt presenterte i oppgåva, kjem ulike aspekt ved Mattis sin annleisheit til uttrykk. Der Mattis i møte med Hege og bygda blir sett på som negativt avvikande, møter Anne og Inger han i motsetnad med ei haldning som verdsett det som gjer han annleis. Dette understrekar at det som er annleis er dynamisk og syner fram ulike sider både av mennesket og av måten ein ser på det som er annleis.

Ulike aspekt ved kva det vil seia å vera annleis blir òg tematisert gjennom at romanen i stor grad utforskar problemstillingar som framleis er sentrale i utforskinga av nevrodivergens. På den måten har spørsmåla Mattis stiller seg sjølv og dei rundt seg ein evig relevans, sjølv om me i dag har meir kunnskap om kognitive avvik enn ein hadde på utgivingstidspunktet. Slik blir den dynamiske rolla *Fuglane* har som klassisk verk, som Gimnes peikar på, understreka: Han stiller spørsmål som held fram med å vera aktuelle, og tar opp problemstillingar som blir reaktualisert i nye kontekstar (Gimnes, 2013, s. 32). Dette kan både tilføra noko nytt til vår forståing av romanen og vera med på å kasta lys over aspekt i røynda som det gjerne ikkje finst nokon klare svar på.

*Fuglane* er ein roman som kan gi oss kunnskap både om korleis den som er annleis ser på seg sjølv og om korleis dei rundt ser på han. På den måten tematiserer han forholdet mellom Mattis og dei andre, og korleis den sosiale konteksten skapar rammer for annleisheita hans. Det er altså ikkje Mattis sine moglege diagnosetrekk som er sentrale, men heller møta mellom folk og kva dette kan seia oss om å vera annleis.

## Litteraturliste

Evensen, P. A. (2017). *Tarjei Vesaas' symbolverden*. Novus forlag.

Gimnes, S. (2013). ... *angen frå vår stutte tid. Ein studie i Tarjei Vesaas' forfatterskap*. Akademika forlag.

Harris, J. C. (2016). The origin and natural history of autism spectrum disorders. *Nature Neuroscience*, 19(11), 1390-1391.

Loftis, S. (2005). Introduction. *Imagining Autism: Fiction and Stereotypes on the Spectrum* (s. 1-22). Indiana University Press.

Murray, S. (2006). Autisme and the Contemporary Sentimental: Fiction and the Narrative Fascination of the Present. *Literature and Medicine*, 1(25), 24-45.

Sellevoid, K. (2015). Cognitive Deficits in Literary Fictions: Faulkners *The Sound and the Fury* and Vesaas' *The Birds*. *Comparative Critical Studies*, 12(1), 71-88. DOI: 10.3366/ccs.2015.0155

Solstad, D. (1981). «Mors stille arm/ når langt utover/ gravkammeret i Vinje./ I sol/ toreslag/ og frost.» Forsøk på å sirkle inn det særegne ved Tarjei Vesaas' forfatterskap. I K. Heggelund, S. Skjønberg & H. Vold (Red.), *Forfatternes litteraturhistorie. Bind 3: Fra Herman Wildenvey til Tarjei Vesaas* (s. 238-246). Gyldendal Norsk Forlag.

Vesaas, O. (1985). *Tarjei Vesaas om seg sjølv*. Den norske Bokklubben.

Vesaas, T. (1974). *Fuglane*. Gyldendal Norsk Forlag.



